

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.03.2022
SAKSHANDSAMAR: Veslemøy Hagalid Haug m. fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per februar 2022**

ARKIVSAK: 2022/286
STYRESAK: **046/22**

STYREMØTE: **20.04.2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 28. februar 2022 til etterretning.

Styret ber om ei kartlegging av konsekvensar av auka prisar på byggematerial, og ei vurdering av om og i tilfelle kva konsekvensar dette kan få for evna til gjennomføring og finansiering av investeringane.

1. Kva saka gjeld

Saka presenterer rapportering frå verksemda per 28. februar 2022.

Grunna pandemien vil nokre av indikatorane knytt til kvalitet og aktivitet bli samanlikna med tilsvarande tal frå 2019.

2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

Målekort

| Målekort Helse Vest - februar 2022 | | Nasjonale mål | Denne periode | | Mål oppnåelse | Hittil i år | | Mål oppnåelse |
|--|------------------------------|---------------|---------------|----------------------|---------------|-------------|----------------------|---------------|
| | | | Faktisk | Mål HV | | Faktisk | Mål HV | |
| Kvalitet | Ventetid - somatikk | 60 | 65 | 50 | | 66 | 50 | |
| | Ventetid - VOP | 45 | 46 | 40 | | 48 | 40 | |
| | Ventetid - BUP | 40 | 52 | 35 | | 53 | 35 | |
| | Ventetid - TSB | 35 | 25 | 30 | | 26 | 30 | |
| Andel kontakter passert planlagt tid | | 10,20 % | | | | | | |
| Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer | | 76 % | | | | 73 % | | |
| Korridorpasienter somatikk | | 1,70 % | | | | | | |
| Aktivitet: | | | Tall i fjor | Endring mot fjoråret | | Tall i fjor | Endring mot fjoråret | |
| Somatikk | Døgnopphold | 12 560 | 12 719 | -1,3 % | 25 859 | 26 000 | -0,5 % | |
| | Dagopphold | 5 448 | 5 624 | -3,1 % | 11 642 | 11 341 | 2,7 % | |
| | Poliklinikk | 108 696 | 113 808 | -4,5 % | 226 669 | 227 623 | -0,4 % | |
| Psykiatri | Døgnopphold | 813 | 800 | 1,6 % | 1 730 | 1 596 | 8,4 % | |
| | Dagopphold | 57 | 58 | -1,7 % | 143 | 115 | 24,3 % | |
| | Poliklinikk | 40 958 | 43 145 | -5,1 % | 85 743 | 84 018 | 2,1 % | |
| TSB | Døgnopphold (ekskl. private) | 106 | 115 | -7,8 % | 214 | 224 | -4,5 % | |
| | Dagopphold | 2 | 0 | 200 % | 2 | 0 | 200 % | |
| | Poliklinikk | 7 135 | 8 714 | -18,1 % | 14 438 | 16 651 | -13,3 % | |
| Bemannings | Brutto månedsverk | 25 176 | 24 406 | 3,2 % | 25 185 | 24 401 | 3,2 % | |
| | *Sykefravær | 5,5 % | 12,0 % | 8,2 % | 10,4 % | 8 % | | |
| Økonomi | Regnskap | 7 929 | 49 545 | -41 616 | -19 994 | 123 372 | -143 366 | |
| | Budsjett | | | Avvik | | | Avvik | |
| | Resultat | | | | | | | |

*Tal for sjukefravær er eit augeblikksbilde grunna etterslep på registreringa, og vil difor vere høgare i påfølgande rapporteringsmånadar.

Prioriteringsregelen

Helse Vest nådde ikkje målsettinga for ventetid for fagområda psykisk helsevern vaksne (PHV), barne- og ungdomspsykiatri (BUP), men klarte målsettinga innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) for februar.

Mål for aktivitet per februar er ikkje nådd for TSB. For psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn- og unge er Helse Vest førebels i tråd med måla i prioriteringsregelen, med høgare prosentvis aktivitetsvekst enn innan somatikken.

| Vekst aktivitet per februar 2022 mot 2021 | |
|--|----------------|
| Antall polikliniske konsultasjoner somatikk | -0,6 % |
| Antall polikliniske konsultasjoner PHV | 0,6 % |
| Antall polikliniske konsultasjoner BUP | 0,7 % |
| Antall polikliniske konsultasjoner TSB | -13,3 % |

*Tal frå datavarehuset. Ikkje inkl. ideelle sjukehus og tala samsvarer difor ikkje heilt med målekortet.

Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for “behandling starta” for alle fagområde var 63 dagar i februar. Dette er ein reduksjon på om lag -2 dagar frå førre månad, og om lag -1 dagar lågare enn gjennomsnittet for februar 2021. Historisk har ventetidene vore høgast i januar, etter eit lågare aktivitetsnivå gjennom julehøgtida, for så å gå litt ned dei påfølgjande månadane. For pasientar som framleis ventar på behandling var det samla sett ein nedgang på 3 dagar i dei gjennomsnittlege ventetidene.

Framover vil pandemien og konsekvensane den kan få for elektiv verksemd framleis kunne påverke ventetider og fristbrot. Det er satt i verk eit omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsett som følgje av pandemien. Helseføretaka er i gang med fleire tiltak for å handtere pasientar på venteliste, inkludert pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll- og oppfølging eller planlagt elektiv aktivitet).

Innan somatikk var ventetida for behandling starta i februar like under 65 dagar, noko som er -2 dagar lågare enn i januar, og -2 dagar lågare enn gjennomsnittet for februar 2021. Alle dei fire helseføretaka hadde ei gjennomsnittleg ventetid som var høgare enn det regionale målet på 50 dagar. Den lågaste ventetida finn ein i Helse Bergen HF med 62 dagar.

Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) var ventetida i februar om lag 46 dagar i gjennomsnitt, noko som er ein nedgang på -3 dagar frå førre månad. Dette er kring 8 dagar høgare gjennomsnitt i same månad i 2021, og utanfor målkravet på 40 dagar. Av dei fire helseføretaka var det berre Helse Førde HF (38 dagar) som hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 40 dagar eller lågare for dei som starta behandling i februar.

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var ventetidene i februar om lag 52,5 dagar, noko som er eit godt stykke unna målet om 35 dagar, og 11,5 dagar høgare enn i februar 2021. I februar hadde Helse Bergen ei gjennomsnittleg ventetid på 43 dagar, medan dei tre andre HF-a låg markant høgare. Til samanlikning var den samla gjennomsnittlege ventetida i februar 2019 på om lag 37 dagar. Det har vært ei auke i tal tilvisingar til BUP sidan hausten 2020.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var ventetida for helseføretaka 25 dagar i februar, noko som innanfor det regionale målet på 30 dagar.

Prosentdelen fristbrot for dei som har fått starta helsehjelpa var på sitt høgaste i mai 2020, med ein prosentdel på 12 %. Derfrå gjekk prosentdelen ned i fleire påfølgjande månader, og var nede på 4,2 % i desember 2020. Fram til juli 2021 har prosentdelen fristbrot heldt seg stabilt kring 5- 6 %, for så å stiga igjen. I februar 2022 heldt prosentdelen seg på 6,3 %. Til samanlikning var prosentdelen fristbrot 5,8 % i februar 2021 og 2,4 % i februar 2019.

Prosentdelen ventande med fristbrot har gått gradvis ned frå 6,6 % i august 2021 til 4,4 % i november, prosentdelen steig i desember, men gjekk ned til 4,9 % i januar 2022 og har heldt seg på dette nivået i februar.

Som tidlegare rapportert er det framleis ein del variasjon i prosentdelen fristbrot for behandling starta mellom helseføretaka, og i februar varierer prosentdelen frå 4 % til om lag 11 %. Kring 99 % av alle fristbrota har funne stad innan somatikk.

Pasientbestemte utsettingar og medisinsk grunna utsettingar blir ikkje registrert som fristbrot. I dei tilfella der helseføretaka utsett utgreiing og behandling på grunn av kapasitet/prioritering/beredskapsarbeid, blir dette registrert som fristbrot dersom fristdato er overskriden.

Ein gjennomgang viser at trenden for langtidsventande (>365 dagar) i hovudsak har peikt nedover sidan januar 2021 (736 langtidsventande), og talet ved utgangen av februar 2022 var 265 langtidsventande. Arbeidet med å redusere dette held fram.

Kreftbehandling

Det er stilt krav om at minimum 70% av alle kreftpasientar skal være meldt inn og registrert i pakkeforløp kreft. Helse Vest har stabilt god måloppnåing for dette kravet, og når 88 % i februar måned.

Samla resultat for gjennomføring av pakkeforløp i Helse Vest er i februar på 76%. Dette er godt over kravet på 70 % og ein oppgang frå januar 22 då resultatet var 69 %. Januar-resultatet skilde seg ut frå føregåande månader, og samla sett er resultatet nå i tråd med gjennomsnittet i 2021 på 77%. Den positive utviklinga skuldast mellom anna betre resultat i Helse Bergen. Helse Stavanger har stabile resultat i januar og februar på 74 %. For mange forløp er det få pasientar per måned, og resultatata må derfor sjåast i lys av det. Helse Vest tar opp resultatata for pakkeforløp kreft i dialogmøta med HF, og har mellom anna drøfta resultat for pakkeforløp brystkreft i møta med Helse Førde og Helse Fonna. Helse Vest har samla hatt gode resultat for pakkeforløp kreft i 2021. Etter ein nedgang i januar er resultat i februar betre, men det er framleis behov for å følgje resultatata nøye gjennom regionalt forbetningsarbeid som held fram i 2022.

Tabellen under viser ei utvikling av resultatet for heile regionen fram til og med februar 2022, og rangerer forløpa målt i talet på forløp. I tillegg er resultatata vekta.

*Første kvartal, 2022 er ikke ferdigrapportert. For dette kvartalet vises kun data til og med februar 2022. Nye månedstall mottas omtrent 8-12 dager etter månedsslutt.


Vektet gj.snittlig måloppnåelse for Helse Vest RHF: OF4 - Tid fra start pakkeforløp til start behandling

| Tidsperiode Pakkeforløp | 2021 | | | Første kvartal, 2022* | | |
|------------------------------|-----------|------|------------|-----------------------|------|-------------|
| | Indikator | Ant. | Var. HF | Indikator | Ant. | Var. HF |
| Prostatakreft | 73 % | 859 | 35% - 98% | 65 % | 184 | 33% - 80% |
| Brystkreft | 69 % | 884 | 56% - 100% | 80 % | 152 | 55% - 100% |
| Tykk- og endetarmskreft | 73 % | 794 | 57% - 85% | 69 % | 115 | 40% - 100% |
| Malignt melanom | 90 % | 807 | 84% - 100% | 87 % | 93 | 75% - 100% |
| Lungekreft | 73 % | 566 | 58% - 79% | 68 % | 88 | 13% - 86% |
| Blærekreft | 92 % | 367 | 84% - 99% | 88 % | 57 | 80% - 94% |
| Lymfomer | 73 % | 190 | 64% - 100% | 56 % | 27 | 20% - 100% |
| Nyrekreft | 74 % | 169 | 67% - 80% | 48 % | 31 | 0% - 64% |
| Hode- halskreft | 67 % | 169 | 50% - 74% | 83 % | 23 | 0% - 100% |
| Livmorkreft (endometrie) | 83 % | 154 | 79% - 91% | 76 % | 33 | 60% - 100% |
| Bukspyttkjertelkreft | 82 % | 115 | 62% - 91% | 68 % | 25 | 50% - 100% |
| Eggstokkreft (ovarial) | 87 % | 118 | 85% - 100% | 92 % | 12 | 83% - 100% |
| Kreft i spiserør og magesekk | 87 % | 100 | 67% - 92% | 80 % | 15 | 67% - 100% |
| Skjoldbruskkjertelkreft | 48 % | 67 | 0% - 70% | 30 % | 10 | 0% - 100% |
| Hjernekreft | 87 % | 62 | 71% - 100% | 100 % | 10 | 100% - 100% |
| Livmorhalskreft (cervix) | 63 % | 59 | 53% - 100% | 82 % | 11 | 0% - 100% |
| Myelomatose | 80 % | 59 | 67% - 100% | 100 % | 3 | 100% - 100% |
| Testikkelkreft | 65 % | 54 | 50% - 83% | 86 % | 7 | 67% - 100% |
| Kreft hos barn | 79 % | 34 | 75% - 100% | 50 % | 6 | 0% - 60% |
| Sarkom | 79 % | 33 | 79% - 79% | 67 % | 6 | 67% - 67% |
| Neuroendokrine svulster | 82 % | 28 | 71% - 100% | 80 % | 5 | 67% - 100% |
| Peniskreft | 81 % | 26 | 75% - 100% | 100 % | 2 | 100% - 100% |
| Gallegeiskreft | 96 % | 26 | 86% - 100% | 0 % | 1 | 0% - 0% |
| Primær leverkreft (HCC) | 53 % | 17 | 38% - 67% | 0 % | 1 | 0% - 0% |

Indikatorverdien er samlet for hele Helse Vest RHF, beregnet på bakgrunn av indikatorverdiene for hvert HF (Haraldsplass, Bergen, Fonna, Førde, Stavanger, "Privat Vest HF"). "Ant." er totalt antall pasienter aktuelle for valgt indikator (indikatorens nevner). "Var. HF" viser indikatorverdien for HFet med lavest måloppnåelse og indikatorverdien for HFet med høyest måloppnåelse.

Aktivitet

Figuren under viser den samla utviklinga i tal sjukehusopphald (døgn- og dagopphald) og polikliniske konsultasjonar per måned i 2019, 2020, 2021 og 2022. Veksten i 2021 var i all hovudsak innan poliklinisk behandling. I februar 2022 var den samla aktiviteten høgare enn same måned i 2019, men faktisk lågare enn dei to føregåande åra. Talet pasientar behandla for eller med Covid-19 har vore høgt i denne perioden.



Somatikk

Per februar 2022 var den samla aktiviteten hittil i år (døgn, dag og poliklinikk) 2,9 % høgare enn til same tid i 2019. Ser ein på aktiviteten per omsorgsområde samanlikna med 2019 så er aktivitetsutviklinga -8,4 % for døgnopphald, -3,0 % for dagopphald og 4,7 % for polikliniske konsultasjonar. Bruken av telefon- og videokonsultasjonar har bidrege til å oppretthalde den polikliniske aktiviteten.

Psykisk helsevern

I psykisk helsevern for vaksne var aktivitetsnivået per februar 2022 0,1 % høgare for døgnbehandling, og -4,6 % lågare for poliklinisk aktivitet enn i 2019.

I psykisk helsevern for barn og unge er behandlinga i all hovudsak poliklinisk. Per februar 2022 var det polikliniske aktivitetsnivået 6,3 % høgare enn i 2019. Sjølv om talet pasientar er lågt, så er talet utskrivne etter døgnbehandling innan BUP prosentvis markant høgare enn i 2019.

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per februar 3,9 % høgare for døgnbehandling og -1,1 % lågare for poliklinisk aktivitet enn per februar 2019.

TSB

Per februar 2022 var den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka -14,6 % lågare enn i 2019. Når det gjeld døgnbehandlinga så var aktiviteten 2,4 % høgare.

Telefon- og videokonsultasjonar

I oppdragsdokumentet for 2022 skriv Helse- og omsorgsdepartementet at prosentdelen polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon skal vere over 15 %.

Helse Vest hadde den høgaste prosentdelen konsultasjonar over video og telefon rett etter at pandemien byrja, med om lag 31 % av konsultasjonane i april 2020. Sidan då har prosentdelen elektroniske konsultasjonar variert mellom 7-13 %. I februar 2022 var samla sett om lag 2 % av konsultasjonane videokonsultasjonar og 9 % telefonkonsultasjonar. Ser ein på dei fire helseføretaka så varierte prosentdelen i februar frå 10 - 12 %.


Det er relativt stor forskjell i bruken av elektroniske konsultasjonar mellom de fire fagområda. Innan somatikk var den samla prosentdelen 9 % i februar. Innan Psykisk helsevern for vaksne (PHV) og psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var delen høvesvis 15 % og 21 %, medan den var 24 % innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i februar 2022. Ver merksam på at elektroniske konsultasjonar har hatt finansiering lengre tid innan psykisk helsevern og TSB, enn innan somatikk.

Sjukefråvær

Per februar 2022 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 11,98 %. Av dette utgjorde koronarelatert fråvær 2,23 %. Utan koronarelatert fråvær var det samla sjukefråværet på 9,75 % for februar 2022. Sjukefråværet har i periodar vært sterkt prega av pandemien. Sjukefråværet varierer mellom føretaka og i det enkelte føretaket.

Avvikling av vinterferie medfører færre moglege dagsverk i føretaka og påverkar sjukefråværsprosenten. Det var om lag 38 000 færre moglege dagsverk for februar 2022 samanlikna med januar 2022. Det var om lag 8 000 fleire sjukefråværsdagsverk februar 2022 samanlikna med januar 2022.

Utvikling over tid for sjukefråværsprosent i februar:



Talet på medarbeidarar som av ulike fråværsårsaker ikkje har vært på jobb har for enkeltdagar i februar 2022 vært noko over 4 100 medarbeidarar. Høgaste tal gjennom pandemien var mars 2020 der om lag 5 000 var borte frå arbeid ein enkeltdag. Fleire av føretaka har krevjande dag til dag planlegging. Det er og viktig å understreka at fråværet kan ramme forskjellig mellom einingane i føretaka. Helseføretaka har eit tydeleg fokus på

smitteverntiltak. Om lag 82 % av alle medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest har fått tredje dose. Det er og medarbeidarar som har fått tilbod om vaksine gjennom kommunane.

Det er lagt til rette for at medarbeidarar frivillig kan registrera vaksinasjon i arbeidsplansystemet, (opplyst samtykke) slik at leiaren kan ha oversikt over kven som er vaksinert. Dette er drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombodet i Helse Vest RHF. Helse Førde og Helse Fonna har nytta seg av denne løysinga.

HMS/kvalitet

Per februar 2022 vart det registrert 1 635 saker på HMS området. Ikkje alle sakene er ferdig kategoriserte, tal saker som endeleg blir fordelt til HMS området kan endra seg etter kvart som dei er endeleg kategorisert *på type* hending. Per februar 2021 var 1 662 saker klassifisert "hendelsestype" HMS området. Helse Vest følgjer opp alvorlege HMS hendingar i månadlege møter med føretaka.

Av dei 1 635 sakene som var kategorisert på HMS området, var 254 på hendingstype *vald og truslar* og 27 var kategorisert på *trakassering mot tilsette*. Til samanlikning var 443 kategoriserte på hendingstype *vald og truslar* hittil per februar 2021. Det var registrert 24 truslar om drap per februar 2022, medan det var registrert 33 truslar om drap for same periode i 2021. Truslar om vald per februar 2022 var 25, medan det var 84 truslar om vald i same periode 2021.

"Uønskte hendingar – pasientrelatert samla" var per februar 2022 totalt 3 172. Det er 97 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2021. Meldte saker "*Ide til forbetring*" per februar 2022 var 331. I same periode 2021 var det 437 meldte saker "*Ide til forbetring*".

Økonomi

Det samla resultatet for føretaksgruppa for februar 2022 er på 7,9 mill. kroner, som er 41,6 mill. kroner lågare enn budsjettert. Hittil per februar er resultatet på – 20 mill. kroner som er 143,4 mill. kroner lågare enn budsjettert.

Resultatet per februar er som følger per føretak:

| | Februar 2022 | | | Hittil i år | | |
|-----------------------|--------------|---------------|----------------|----------------|----------------|-----------------|
| | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik |
| Helse Stavanger | -28 139 | 18 833 | -46 972 | -40 744 | 37 667 | -78 410 |
| Helse Fonna | -23 057 | -1 667 | -21 390 | -58 626 | -3 333 | -55 293 |
| Helse Bergen | -539 | 8 000 | -8 539 | -20 382 | 16 000 | -36 382 |
| Helse Førde | 6 358 | 2 500 | 3 858 | -1 821 | 5 000 | -6 821 |
| Sjukehusapoteka VEST | -3 280 | -222 | -3 058 | -2 385 | 11 | -2 396 |
| Helse Vest IKT | 5 472 | -2 275 | 7 747 | 2 337 | -4 503 | 6 840 |
| Helse Vest Morselskap | 51 113 | 24 376 | 26 737 | 101 627 | 72 531 | 29 096 |
| Til saman | 7 929 | 49 545 | -41 616 | -19 994 | 123 372 | -143 366 |

Alle tal i heile tusen

Hovudårsaka til dei negative avvika er Covid-19. Helseføretaka har rapportert om ein samla negativ økonomisk konsekvens av Covid-19 for februar som er på nær – 287 mill. kroner, kor reduserte ISF inntekter utgjer omlag 126 mill. kroner. Helse Fonna har eit særleg stort avvik, noko føretaket rapporterer i all hovudsak kjem av høge kostnader forbundne med pandemien samt tapte inntekter på grunn av pandemien.

Regjeringa vil følgje utviklinga av Covid-19 og aktiviteten gjennom våren, og kome tilbake til eventuell handtering av meir kompensasjon for Covid-19 i samband med revidert nasjonalbudsjett. Dersom ein legg til grunn at bortfall av aktivitetsbaserte inntekter som følgje av Covid-19 blir kompensert, vil resultatavviket for februar bli redusert frå minus 143,4 mill. kroner til om lag minus 17,5 mill. kroner. Det er viktig at helseføretaka har stor merksemd på å halde høg aktivitet og komme tilbake til normal og planlagd nivå for aktivitet. Det er og viktig at helseføretaka får driftskostnadane ned til eit normalnivå som før Covid-19 så snart som forholda tillét dette.

Helseføretaka har inntektsført 88,7 mill. kroner av dei 271,2 mill. kronene HOD har tildelt Helse Vest til Covid-19 beredskap, det gir ein rest på 182,5 mill. kroner. I denne resten ligg og nær 80 mill. kroner som ikkje er fordelt, der omlag 20 mill. kroner skal fordelast til private ideelle. Sjå styresak 011/22 Konsernbudsjett for nærare fordeling av midla.

Desse forholda kan illustrerast i følgjande tabell:

| | Hittil i år | | | Herav Tapt inntekt | Resultatavvik Korrigert for tapt inntekt | Tildelt Covid 19 midlar | | |
|-----------------------|----------------|----------------|-------------------|--------------------------|--|-------------------------|--------------------------|----------------|
| | Faktisk | Budsjett | Budsjett avvik | | | Sum våren 2022 | Inntekts-ført JAN/FEB | Rest |
| Helse Stavanger | -40 744 | 37 667 | -78 410 | -59 720 | -18 690 | 58 234 | 35 639 | 22 595 |
| Helse Fonna | -58 626 | -3 333 | -55 293 | -17 683 | -37 610 | 31 577 | 12 630 | 18 947 |
| Helse Bergen | -20 382 | 16 000 | -36 382 | -38 000 | 1 618 | 79 849 | 33 000 | 46 849 |
| Helse Førde | -1 821 | 5 000 | -6 821 | -10 500 | 3 679 | 21 754 | 7 447 | 14 307 |
| Sjukehusapoteka VEST | -2 385 | 11 | -2 396 | | -2 396 | | | |
| Helse Vest IKT | 2 337 | -4 503 | 6 840 | | 6 840 | | | |
| Helse Vest Morselskap | 101 627 | 72 531 | 29 096 | | 29 096 | 79 786 | | 79 786 |
| Til saman | -19 994 | 123 372 | -143 366 | -125 903 | -17 463 | 271 200 | 88 716 | 182 484 |

Det har vore stor prisauke i materialkostnadar som treffer både drift og investeringar. Dette gjer at det er større for behov for merksemd på kostnadsutviklinga , og særleg i investeringsprosjekt. Helseføretaka må derfor følgje opp om ein er i stand til å oppretthalde nivået på investeringane og at ein framleis er i stand til å oppretthalde nivået på eigenfinansieringa av investeringane gjennom oppnådde økonomiske resultat.

3. Administrerande direktør si vurdering

For psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn- og unge, så er Helse Vest i tråd med prioriteringsregelen når det gjeld aktivitet, men ikkje for tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same månad i 2019 er det ein nedgang i tal døgnopphald og dagopphald for somatikk på høvesvis 8,4 % og 3 %. Tal ISF-konsultasjonar er 4,7 % høgare enn tilsvarande tal frå 2019 .

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per februar 0,1 % høgare for døgnbehandling og 4,6 % lågare for poliklinisk aktivitet enn per november 2019. I psykisk helsevern for barn og unge, som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten 6,3 % høgare enn i same periode i 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten i TSB er 14,6 % lågare enn same periode i 2019, samstundes var aktiviteten i døgnbehandlings 2,4 % høgare.

I februar 2022 samla sett var om lag 2 % av dei polikliniske konsultasjonane videokonsultasjonar og 9 % telefonkonsultasjonar.

Ventetider (behandla) gikk ned innan somatikk, psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn og unge frå januar til februar. Ventetid somatikk er lågare enn for februar 2021, medan ventetid for psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn og unge er høgare enn same månad i 2021.

Prosentdel fristbrot for dei som har fått starta helsehjelp held seg på 6,3 % for februar 2022. Variasjonen mellom føretaka er stor og nær 99% av fristbrota er innanfor somatikk.

Resultatet for februar viser eit negativt avvik i forhold til budsjettet der økonomisk konsekvens av Covid-19 og bortfall av aktivitetsbaserte inntekter utgjer den største årsaka.

Samla hittil i år er resultatet negativt med 20 mill. kroner. Kompensasjon frå staten for kostnader forbundne med Covid-19, samt signalisert kompensasjon for tapte inntekter som følgjer av Covid-19 i revidert nasjonalbudsjett, gjer at Helse Vest samla sett vil nå eit resultat i tråd med budsjett i første halvår med det som er kjent til no.

Likevel må føretaka ha stor merksemd på å halde høg aktivitet, samt å få driftskostnadane ned på nivå med tida før Covid-19 så snart som forholda gjer dette mogleg.

Risikofaktorar som prisauke både innan drift og investeringar gjer at det er behov for større merksemd på kostnadsutvikling på investeringsprosjekt, samt om helseføretaka kan oppretthalde nivået på investeringar. Sistnemnde er basert på om ein framleis har evne til å stille føresett nivå på eigenfinansiering av investeringane gjennom oppnådde økonomiske resultat.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar